




KnarvikMila
www.knarvikmila.no

Årsmelding 2025



KnarvikMila AKS-77



1. Styret og administrasjon

1.1. Styret

Styret har i 2025 vore:

- Einar Vaage – leiar
- Einar Vatne – nestleiar
- Jorunn Blindheim - styremedlem
- Bjørn Løvik- styremedlem
- Harald Nygård – styremedlem
- Eddie M. Ebbesvik – styremedlem
- Jan Erling Kleppe – varamedlem
- Sølvi Ulvund - varamedlem

I tillegg til styret har dagleg leiar Ronny Borgen Hansen og John Flatøy frå administrasjonen møtt på styremøta.

1.1.1. Styremøter

Det har vore gjennomført 10 styremøte i 2025.

I tillegg har i hovudsak styreleiar og nestleiar saman med dagleg leiar vore involvert i sponsormøte, møte med Alver kommune og representert KnarvikMila i andre fora.

1.1.2. Administrasjonen

Ronny Borgen Hansen er dagleg leiar. I tillegg er John Flatøy ein særskild viktig ressurs som tar ansvar for ein lang rekke arbeidsoppgåver i det daglege arbeidet på kontoret.

1.1.3. Brekkeløypas Venner

I mykje av den praktiske gjennomføringa av ulike oppgåver har administrasjonen god hjelp av dei engasjerte pensjonistane i «Brekkeløypas Venner».

1.1.4. Lokasjon

KnarvikMila har kontor og møterom i NBK-bygget på Knarvik stadion.

Vi har lager for utstyr i den blå rubbhallen ved Knarvik stadion.

Løp	Folkehelse	Folkefest	Verdibasert
			



2. Arrangement

2.1. Hovudprioritering 2025

Hovudprioriteringane vi satt før 2025-sesongen var:

- å vidareutvikle Stolpejakten Alver og to nye kommunar, Austrheim og Fedje
- å auke attraktiviteten og påmeldinga til alle individuelle løp
- å auke attraktiviteten og påmeldinga til Sparebanken Norge-stafetten
- å revitalisere NaturMila og Stolpejakten under KnarvikMila
- å vidareutvikle KnarvikMila som ein folkefest for store og små

2.2. Stolpejakten x 3

Stolpejakten vart gjennomført i tre Nordhordlandskommunar; Alver, Austrheim og Fedje. Austrheim og Fedje er nye, der KnarvikMila er arrangør i godt samarbeid med og på oppdrag frå dei to kommunane. Stolpejakten Alver vert gjennomført i godt samarbeid med AMFI Knarvik og Alver kommune.



Stolpejakten 2025 starta uka før påske (4. april i Fedje og 12. april i Alver og Austrheim) og vart avslutta søndag 2. november.

Målet med Stolpejakten er å gje deltakarane varierte turopplevingar og bli kjend med nye turmål i dei tre kommunane. Tanken er at Stolpejakten bidreg til å utforske og bli kjent på nye stader i store delar av Nordhordland.

Antal stolpar var 130 i Alver, 41 i Austrheim og 25 i Fedje. I tillegg hadde Stolpejakten Alver 12 ekstra stolpar på Fløyen-Knarvik, 12 ekstra på KnarvikMila-helgen og 24 ekstra stolpar i ein heilt ny adventsstolpejakt i Knarvik i desember!

Vi forsøker fortsatt å sette fleire stolpar på ein tur (fleire stolper frå P-plass til fjelltopp eller på rundtur). Dette har vi fått gode tilbakemeldingar på! Nokre tilbakemeldingar visar at enkelte stolpejegerar fortsatt ønsker seg stolpane i Alver fordelt på fleire kart. Vi valde likevel i behalde alle stolpar på eit kart for å oppnå målsetninga om å bruke stolpejakten til å gjere seg kjent med flotte turstiar i heile storkommunen.

Antal stolpejegerar på dei tre stolpejaktene enda på 10740 stolpejegerar og 215 027 stolpebesøk.

Dette gjer at vi kan fastslå at Stolpejakten Alver, Austrheim og Fedje er blant dei viktigaste folkehelseiltaka i Nordhordland og at det bidreg til eit særst stort antal kilometer turglede og folkehelse i tre kommunar!



2.3. Familiedag i Brekkeløypa, søndag 6. april

Brekkeløypas venner arrangerte en flott familiedag i Brekkeløypa med innlagde postar med quiz og aktivitetar, vaflar og saft og trekningspremier. Ca. 100 vart rekruttert som støtte medlemmar til Brekkeløypas venner.

2.4. TineStafetten, tirsdag 6. mai

KnarvikMila er teknisk arrangør for TineStafetten tirsdag 6. mai for nærare 1000 elevar og lærarar i 6. – 9. klasse, dei fleste frå skular i Nordhordland.

Totalt gjennomførde 105 lag med 8 løparar på kvart lag.

2.5. Fløyen-Knarvik, lørdag 10. mai

Fløyen-Knarvik er eit kombinert løp og turmarsj som går frå Fløyen til Knarvik (27 km), eller frå IKEA Åsane til Knarvik (14 km). Løypa består av grusveggar, asfalt og terreng. For dei som går turmarsjen og er stolpejegerar, er det lagt inn 12 ekstra stolpar på turen.

395 deltakarar var påmeldt Fløyen-Knarvik, ein auiking på ca. 21% frå 2024.

Arrangementet var godt gjennomført i tett samarbeid med FIL AKS-77, Nordhordland Røde Kors, Knarvik Skulekorps, ein solid dugnadsgjeng frå Ukraina på drikkestasjonane og ein solid dugnadsgjeng frå KnarvikMila/AKS-77 i start- og målområdet.



2.6. Knarvik Maraton, lørdag 21. juni

Knarvik Maraton blei arrangert for andre gong i 2025 og bestod i år av maraton, halvmaraton og 5km, med NM i halvmaraton og 5km. Løpa ble gjennomført i 5 km-sløyfa rundt Knarvik stadion med 4 rundar for halvmaraton og 8 rundar for maraton.

Totalt var 458 påmeldt, ein auiking på 44% frå 2024.

Vi søkte og fekk tildelt midlar frå Kulturavdelinga i Alver kommune til underhaldning i løypane. Etter ein søknadsprosess valde vi ut 4 band og korps som spelte ulike stader i løypa, til gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Vi fekk også generelt gode tilbakemeldingar på resten av arrangementet frå deltakarane.

2.7. Pensjonistseminar, tirsdag 27. august

Pensjonistseminaret består av foredrag og underholdning i Knavik kyrkje, middag og minimesse i Nordhordlandshallen og tur i Brekkeløypa for ca. 550 pensjonistar. 500 billetter vart utselt på få timar.

Det var interessante og engasjerande foredrag frå Hilmar Mjelde, Linda Eide, Henrik Syse, Siri Erdal og Einar Vaage. Musikalske innslag ved Marthe Valle.

Pensjonistseminaret er arrangert i samarbeid med og med økonomisk støtte frå Pensjonistforbundet. 70-80 blant våre eigne frivillige pensjonistar bidreg med ulike arbeidsoppgåver i gjennomføringa.



2.8. Konsert med Nordic Tenors, fredag 29. august

Konserten med velkjende Nordic Tenors vart ein flott musikalsk og humoristisk oppleving for dei fremmøtte.

Konserten vert gjennomført med Nordhordland Musikkteater som hovudarrangør og KnavikMila som medarrangør. KnavikMila bidreg med marknadsføring.

2.9. Solidaritetsgudsteneste, søndag 31. august

Temaet for solidaritetsgudstenesta var «Idrett for alle, om paraidrett og Tommy Urhaug sin veg til verdstoppen». Temaet blei diskutert i ein sofasamtale mellom Tommy Urhaug og spesialprest Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn.

Knavik kyrkje er hovudarrangør for ein solidaritetsgudsteneste. KnavikMila er medarrangør og bidreg med marknadsføring.





2.10. KnarvikMila, 5.-7. september

KnarvikMila består av ein lang rekke arrangement og målsetjinga er å skape ein folkefest der løp, tur, kultur og folkehelse står i sentrum. KnarvikMila-helgen var frå 5.-7. september.

KnarvikMila 2025 bestod av desse arrangementa:

2.10.1. Stolpejakten – 12 ekstra stolpar

I 2024 hadde vi ikkje ekstra stolpar under KnarvikMila, noe vi fekk tilbakemeldinger på var sakna. I 2025 tok vi tilbake det populære tiltaket og hadde vi eit ekstra kart med 12 ekstra stolpar i Stolpejakten Alver. Alle stolpane stod på og i områda rundt Knarvik stadion. Eit enkelt arrangement med fellesstart onsdag 3. september samla ca. 50 stolpejagarar.

Gjennom helga deltok totalt 472 stolpejagarar i den ekstra stolpejakten.

2.10.2. UngdomsMila, fredag 5. september

1830 ungdomsskuleelevar frå heile Nordhordland og Bergen nord samla seg til UngdomsMila i Knarvik. Her var det eit 2-km løp, verdibyggjande kurs/opplæring (trafikkisikring, personleg økonomi og miljøvern) og avslutning med konsert og premieutdeling.

Konserten var med kjende Mikkel Munthe frå Team Pølsa på NRK. Dette var mogleg gjennom eit samarbeid med ein lokal innsamlingsaksjon til barnedemensforskning. Aksjonen blei til etter at ein lokal ungdom fekk diagnosen på den sjeldne og alvorlege sjukdommen. Medelevar og lærarar på skulen bidro sterkt til innsamlinga.

2.10.3. Sparebanken Norge-stafetten, fredag 5. september

Sparebanken Norge-stafetten består av ein intens og uformell stafett med 5 etappar på totalt ca. 4 km og eit sosialt arrangement med enkel servering i hallen for alle deltakarar. Stafetten arrangerast i samarbeid med Nordhordland Næringslag og Sparebanken Norge. Den marknadsførast som det sprekaste bedriftsarrangementet i Nordhordland.

I samarbeid med Klar Bedrift og Seim Songkor utviklast det sosialt arrangementet med fleire utstillarar, serveringsstands mm. og har blitt ein uformell og uhøgtidleg samlingsplass.

Stafetten er i positiv utvikling og veks stadig med antall påmeldte lag. I 2025 endte vi på heile 95 lag og 475 deltakarar, ein 8% auking frå fjoråret.

2.10.4. Halvmaraton, lørdag 6. september

Løpsdagen lørdag starta med halvmaraton. Halvmaraton går i ein kontrollmålt løype som i hovudsak er den same som 5 og 10km-løpa våre, med små endringar. Løypa er rask, flat og lettlopt. 4 rundar i løypa gjev også løparane god tilgang til drikkestasjonar, publikum i løypen og den gode stemninga på stadion.

360 deltakarar er ein solid auke på 13% frå 2024.



2.10.5. 10km, lørdag 6. september

Klassikaren 10km på KnavikMila er nok ein gong vårt mest populære løp. Løpet går 2 gonger i ein rask, flat og lettløpt 5km sløyfe rundt Knavik stadion, med drikkestasjonar, publikum og god stemning undervegs til glede for løparane.

10 km hadde 501 påmeldte deltakarar, ein liten nedgong frå 2024.

2.10.6. 5km, lørdag 6. september

Lørdag vart avslutta med 5km. 5km går ein runde i den same sløyfa som 10km går i og med dei same fasilitetane og stemninga i løypa.

5km var i år nesten like populær som 10km og hadde 498 påmeldte deltakarar, ein auke på ca. 9% frå 2024.

2.10.7. FjordViking, lørdag 6. september

FjordViking-konseptet består av 3 løp på ein dag (halvmaraton, 10km og 5km).

FjordVikingane har eit eige VIP-område i NBK-klubbhuset med tilgang til vannflaskar, bananar, energibarar, toaletter mm. Dette var eit populært tiltak som høgna opplevinga for deltakarane. Alle som fullførte og vart FjordViking fekk ein FjordViking-caps i ein felles seremoni nedfor scena etter siste løp

Totalt var 66 FjordVikingar påmeldt, omtrent likt som i 2024.



2.10.8. NaturMila, søndag 7. september

NaturMila var i 2025 ein reindyrka NaturMila med ein runde i Brekkeløypa med 11 innlagte postar med quizspørsmål og aktivitetsutfordringar. Postane var bemanna av pensjonistar frå vår samarbeidspartnar DørstokkMila.

328 deltakarar er dessverre ein nedgong på ca. 15%, men tilbakemeldingane i evalueringa er positive til den nye gjennomføringa.

2.10.9. 3km, søndag 7. september

3km går i ein kontrollmålt løype med start og mål på Knavik stadion. 3km blei arrangert for 3. gong i 2025 og utviklinga viser at dette er eit løp med sterkt aukande deltaking. Det er særskild populært for dei aller yngste (10-11-12 år) og dei eldste (70+ år).

3km er også løpet vi knytter til eit veldedig formål. I 2025 ga vi kr. 100 av kvar påmelding til den lokale innsamlingsaksjonen til forskning på barnedemens. Innsamlingsaksjonen bidrog til fleire deltakarar som ønska å delta for å støtte formålet.

3km hadde 193 påmeldte løparar, ein auke på 47% frå 2024.



2.10.10. Konsert og avslutningsarrangement, søndag 7. september

I 2025 flytta vi tidspunktet for konsert og avslutningsarrangement til mellom 3km og barneløpene. Då har vi mykje deltakarar frå 3km som er ferdig og mange barn og barnefamiliar som ventar på barneløpa.

Årets konsert var med populære Mikkell Munthe frå Team Pølsa på NRK. I tillegg hadde vi ein danseoppvisning og danseskole med lokale Olivia Raunehaug, som hadde ein spesiallaga koreografi som barna dansa med på.

På avslutningsarrangementet vart det også utdelt premiar, trekningspremiar, reisegåvekort, kr. 10 000 trukket blant deltakarar på NaturMila osv. Her blei også vinnaren av ein Toyota frå Eknes Karosseri AS for eit år trekt ut.

2.10.11. MiniMila og KnøtteMila, søndag 7. september

Dei to barneløpa våre, Knøttmila for barnehagebarn og MiniMila for barneskulebarn er særskild populære med heile 999 påmelde, ein flott auking frå 900 i fjor.

Sparebanken Norge har også i år gitt oss ekstra midlar til barneløpa. Dette gjorde at vi igjen kunne ha gratis påmelding for alle. Alle fekk i tillegg startnummer, røde Sparebanken Norge-T-skjorter og medalje ved målgang. Kiwi stilte også opp med drikkeflaskar til alle barna i målområdet.

2.10.12. Salsmesse i Nordhordlandshallen, fre. 5. – sön. 7. september

Ein viktig del av rammene rundt KnavikMila er vår store salsmesse i Nordhordlandshallen med ca 35-40 utstillarar frå ulike bransjar i næringslivet og frivillige organisasjonar i Alver kommune. På messeområdet har vi også vår eigen informasjon, sekretariat, verdioppbevaring og serveringsstad med sitjeområde.

Salsmessa var godt besøkt gjennom helga, spesielt søndagen.

2.11. Haustens løp og aktivitetar

2.11.1. EldreMila, tirsdag 23. september

Vårt kanskje allar koselegaste arrangement er EldreMila på Knavik aldersheim. Her heidrar vi i KnavikMila og Brekkeløypas Venner fleire av våre eldste, som har vore frivillige eller deltakarar på KnavikMila gjennom mange år. EldreMila skjer i tett samarbeid med leiinga på sjukeheimen og frivillige frå Nordhordland Røde Kors.

Ca. 30 eldre pensjonistar deltok på EldreMila, enten i rullestolen, med rullator eller til beins, før dei fekk medalje og trekningspremiar. På EldreMila fekk vi også årets eldste deltakar, 104 år gamle Borghild Straume!





2.11.2. Friidrettsdag for Knarvik barneskule, tirsdag 30. september

For tredje året på rad hadde vi også ein eigen friidrettsdag for 5.-7. klasse frå Knarvik barneskule i samarbeid med FIL AKS-77.

Ca 100 elevar fekk opplæring og instruksjon, samd konkurrere i 60m sprint, lengde og kast med liten ball + konkurrere som lag i stafett 8x200m (tilsvarande TineStafetten).

2.11.3. Adventsstolpejakt

Mot slutten av året bestemte vi oss for å arrangere ein ekstra stolpejakt i Knarvikområdet etter ide frå nissestolpejakten som mange stolpejaktarrangørar har. Vi gjorde dette til ein adventsstolpejakt, med ein ny stolpe og trekning av premiar blant dagens stolpejagarar kvar dag. Heile 730 stolpejagarar tok totalt 13720 stolpebesøk i desember til sær gode tilbakemeldingar.

2.12. Brekkeløypa og Brekkeløypas Venner

KnarvikMila har ansvar for drift og vedlikehald av Brekkeløypa. Dette arbeidet gjer den flotte dugnadsgjengen frå Brekkeløypas Venner ein fantastisk innsats på. Kvar tirsdag formiddag samlast gjengen til dugnad for at resten av oss skal kunne oppleve perfekte forhold i Brekkeløypa kvar einaste gong vi brukar den.

Dei spreke pensjonistane i Brekkeløypas Venner er også veldig delaktig i førebuinga, gjennomføring og etterarbeidet i alle andre arrangement vi har gjennom året.

2.13. Kvalitetssikring av løp og aktiviteter

KnarvikMila har som målsetning å gjennomføre alle løp og aktiviteter med så høg kvalitet som mogleg. Vi har fått fleire kvalitetsstemplar for gjennomføringa i 2025.

- World Athletics-godkjenning av løp
- Kvalitetsløp-stempel frå Kondis
- AIMS-godkjent løyper på 3km, 5km, 10km, halvmaraton og maraton
- Godkjent arrangement i Nordhordland UNESCO Biosfære

For å få slike kvalitetsstemplar må ein oppfylle dei ulike krava og kriteriane som er satt for kvart stempel.

2.13.1. Evaluering

Etter gjennomføring blir alle løp og aktiviteter evaluert både intern og eksternt. Alle internt i KnarvikMila, dugnadssamarbeidspartnarane våre som står for gjennomføringa og deltakarar som har vore på dei ulike løpa, blir invitert til å komme med evaluering. Alle svara i evalueringa har vore nøye gjennomgått og tatt inn i planlegginga for 2026.



2.14. Oppsummering arrangement 2025

2.14.1. Antal deltakrar i 2025

Løp/aktivitet	2022	2023	2024	2025	Endring
3 km	-	83	131	193	47 %
5 km	301	371	455	498	9 %
10 km	333	428	559	501	-10 %
Halvmaraton	174	242	318	360	13 %
Sparebanken Vest-stafetten	80	340	440	475	8 %
Knavik Maraton (2023: Knavik Xtreme)	107	56	318	458	44 %
Fløyen-Knavik (2023: Bergen Fjell og FjordTur)	224	230	327	395	21 %
NaturMila	689	524	384	328	-15 %
MiniMila/KnøtteMila	859	850	900	999	11 %
Friidrettsdag	-	100	100	100	0 %
Ungdomsmila	2822	2566	2087	1830	-12 %
Pensjonistseminaret	500	500	500	500	0 %
EldreMila	30	30	30	30	0 %
StrilenMilen	120	100	-	-	
SUM Deltakere	6239	6420	6549	6667	2 %
Stolpejakten Alver	8365 pers. 159 383	8717 pers. 176 201	8381 pers. 199 531	10 740 pers. 215 027	

Total deltok 6667 personar på løpa eller aktivitetane våre og 10740 personar deltok på Stolpejakten x 3 denne sesongen. I tillegg kjem ca. 1000 deltakrar på TineStafetten, fleire tusen tilskodarar, besøkende, support og heilagjeng, samd 500-600 daglege brukarar av Brekkeløypa.

2.14.2. Målsetningane for sesongen

For målsetningane vi satt oss før sesongen, blei resultatet av vi lukkast i:

- å vidareutvikle Stolpejakten Alver og etablere godt besøkte Stolpejakter i to nye kommunar, Austrheim og Fedje
- å auke attraktiviteten og påmeldinga til alle individuelle løp, spesielt til løpa på våren.
- å auke attraktiviteten og påmeldinga til Sparebanken Norge-stafetten
- å revitalisere NaturMila og Stolpejakten under KnavikMila
- å vidareutvikle KnavikMila som ein folkefest for store og små

Vi kvilar aldri på laurbæra og har allereie definert områder blant desse vi må ytterlegere forbetre oss i 2026.





3. Marknadsføring

Målsetjinga med marknadsføringa er å skape ein solid merkevare av KnarvikMila, som både byggjar ein langsiktig profil, samstundes som vi skaper ein direkte handling til å melde seg på eit eller fleire av løpa våre.

Styret og administrasjonen har utarbeida ein marknadsstrategi og ein marknadsplan med ulike tiltak kanalar, innanfor marknadsføringsbudsjettet.

3.1. Strilen og Nordhordland

Samarbeidsavtalane med både Strilen og Nordhordland samstundes har fungert veldig bra for både oss og dei også i 2025.

Begge har hatt omtrent likelydande avtalar, med annonser i både papirutgåva og digital annonsering gjennom store delar av året. Dette har gitt KnarvikMila ein enda betre moglegheit til å treffe betre og breiare i primærmarknaden i Nordhordland.

Resultata og tilbakemeldingane vi har fått er at denne satsinga har vore vellukka på alle måtar.

3.2. Andre marknadsføringskanalar

Vi har i 2025 brukt ulike kanalar til marknadsføring mot ulike målgrupper og i ulike periodar. Nokre viktige tiltak og marknadsføringskanalar har vore:

- KnarvikMila-avisa: 56 sider/50 000 ex i Bergen og Nordhordland
- Sosiale medium (Facebook, Instagram og LinkedIn – organisk spreiding)
- META (Facebook/Instagram) – digital annonsering
- Google Ads – digital annonsering
- Google Search – digital annonsering
- Kondis – papir + digital annonsering
- Trond Mohn Games – digital annonse

3.3. Evaluering av digital marknadsføring

Vi har hatt kontroll på all digital marknadsføring gjennom året med grundige trackingkoder og analyser av alle kampanjar og marknadsføringstiltak. Vi har derfor god kontroll på kva som er effektiv marknadsføring og kva som er mindre effektiv og kan styre marknadsbudsjettet etter dette.

3.4. Samarbeidspartnarar på marknadsføring

KnarvikMila har som allereie nemnt gode samarbeidspartnarar i Strilen og Nordhordland på lokal marknadsføring. På annan digital marknadsføring har vi i 2024 brukt Bark Reklame AS, Kondis og Trond Mohn Games som samarbeidspartnarar. Stine Åsebø Olsen har også i 2025 vore vår grafiske designar.

John Flatøy har hatt ansvaret for å oppdatere nettsidene våre.



4. Verdiarbeid

KnarvikMila er ein verdidreven organisasjon med eit klart og tydeleg verdigrunnlag som utgangspunkt for verksemda vår. Dei viktigaste verdiane våre:

- KnarvikMila handlar først og fremst som å forbetre folkehelsa. Alle våre aktivitetar skal ha som hovudformål å bidra til å forbetre folkehelsa, spesielt for innbyggjarane i Alver kommune.
- Vi bidrar og til å byggje gode verdiar, mellom anna gjennom samarbeidet med Idrett uten alkohol, Politiet (trafikktryggleik), Sparebanken Norge (personleg økonomi) mm.
- KnarvikMila skal også vere ein samfunnbyggjar gjennom å bidra til prosjekter som kan forbetre oppvekstmiljø og levekår for innbyggjarane, spesielt i Knarvik. Brekkeløypa og utviklingsprosjektet for Knarvik stadion er gode eksempel på slike prosjekter.
- Vi skal ta vare på dei som treng ekstra støtte og KnarvikMila bidra til dette bla. gjennom å støtte veldedige formål som Nordhordland Røde Kors, HMM Helsehjelp Ukraina og den lokale innsamlingsaksjonen til forskning på barnedemens.
- KnarvikMila skal bidra til samfunnsutvikling gjennom å støtte frivilligheita i nærområdet. Vi kjøpar dugnadstenester lokalt når vi kan det og bidrar på den måten til å fordele overskotet ut til ulike lag og foreiningar i nærområdet. Dette skaper større og meir variert aktivitet i nærområda våre!
- KnarvikMila skal også bidra til å forbetre folkehelsa gjennom eit sunnare og betre kosthald og profilere sunnare variantar der det er mogleg.

Løp	Folkehelse	Folkefest	Verdibasert
			

5. Miljøvern og berekraft

KnarvikMila har fokus på miljøvern og berekraft, mellom anna gjennom desse tiltaka:

- Vi har ein samarbeidsavtale med NorEngros på innkjøp av det meste av eingangsmateriellet som vert brukt under arrangementa våre, spesielt glass, kopper, tallerkenar og bestikk. Vi vel i tett samarbeid med NorEngros bevisst miljøvennlege og resirkulerbare varar der det er mogeleg.
- Det same fokuset har vi på andre innkjøp. Det er dessverre fortsatt ein veg å gå på nokre områder, der miljøvennlege alternativ ikkje er tilgjengeleg eller konkurransedyktige.
- Under arrangementa våre i KnarvikMila ønskjer vi å oppnå så høy grad av kjeldesortering som mogeleg gjennom å ha bemanna miljøstasjonar med gode moglegheiter til kjeldesortering i 4-5 ulike variantar.
- Vi har prioritert å knytte til oss lokale samarbeidspartnarar i næringslivet, både for å støtte det lokale næringslivet og for å redusere transportbehovet der det er mogeleg.



6. Sponsorar og samarbeidsavtalar

KnarvikMila har fleire gode samarbeidsavtalar med ein lang rekke bedrifter, i hovudsak i Nordhordlandsregionen og i Bergensområdet. Vi blir sett på som ein seriøs og god samarbeidspartnar, som leverer dei gode resultata dei ønsker seg av eit slikt samarbeid. Samarbeidsverksemdene bidreg med pengestønader og/eller varer og tenester.

Våre viktigaste samarbeidspartnarar er:



Sparebanken Norge er vår hovudsponsor og bidreg med store beløp kvart år!

Vi takkar Sparebanken Norge og alle andre store og små samarbeidspartnarar som gjer det økonomisk mogleg for oss å drive med alle aktivitetane våre.

Det beste beviset på at samarbeidspartnarane våre er nøgde med KnarvikMila og profileringa dei får gjennom oss, er at dei aller fleste er med vidare år etter år.



7. Forhold til media

Vi har gjennom året hatt eit tett og godt samarbeid med lokalavisene Strilen og Nordhordland på redaksjonell omtale. Begge ønskjer å skrive om oss – og skrive positivt om oss! Dei ønskjer spesielt å følge opp Stolpejakten og KnarvikMila-helga.

For KnarvikMila-helga gjev lokalavisene bilde- og videomateriell og tekstar til sine samarbeidspartnarar BT og BA, noko som gjev oss solid dekning utover lokalavisene sitt nedslagsfelt.

Saman med god dekning frå Kondis, er KnarvikMila difor eit svært godt omtalt arrangement i Nordhordland og Bergensområdet.

8. Forhold til Alver kommune

Alver kommune er ein viktig samarbeidspartnar for KnarvikMila, med både økonomisk støtte og praktisk hjelp til drift av organisasjonen, gjennomføring av løp og aktivitetar, Stolpejakten, Brekkeløypa mm.

Samarbeidet med heile kommunen, og spesielt med dei som jobbar på Kultur og idrett og på Knarvik stadion/Nordhordlandshallen er framleis særskilt bra.



9.

KnarvikMila AKS-77 vil ikkje klare å gjennomføre KnarvikMila utan eit tett og godt samarbeid med ein lang rekke lag og foreiningar som stiller opp med dugnadskraft til gjennomføring av arrangementet. Vi har i 2025 samarbeida med desse foreiningane med kjøp av dugnadstenester:

- FIL AKS-77
- Knarvik Skulekorps
- Seim Songkor
- Nordhordland Røde Kors
- Knarvik IL
- Nordhordland ballklubb
- DørstokkMila

9.1.

Vi kan ikkje snakke om alt vi får til i KnarvikMila utan å heidre alle dei mange frivillige som gjer ein utmerka innsats på alle våre små og store arrangement. Utan dei frivillige hadde det ikkje vore mogleg å arrangere KnarvikMila!

Det gode og givande samarbeidet med frivillige frå Ukraina gjennom Alver kommune si Språkverkstad fortsatte også i 2025. 40-45 ukrainarar har vore med på ulike dugnader med stor innsats, entusiasme og godt humør!

Ein stor takk frå oss i KnarvikMila til alle frivillige som bidreg med innsats gjennom året!

9.2.

Vi har gjennom 2025 samarbeidet med tre organisasjoner med samfunnsgagn som føremål:

- Juleaksjonen til Nordhordland Røde Kors (kr. 30 000)
- HMM Helsehjelp Ukraina (kr. 30 000)
- Den lokale innsamlingsaksjonen til forskning på barnedemens (kr. 20 000)

Vi takkar alle organisasjonane for eit godt samarbeid og for den gode innsatsen dei gjer på sine områdar.



TUUSEN TAKK for kjempeviktig og flott støtte fra KNARVIKMILA! Dette vil bidra til å redde enda flere soldatliv og hjelpe den viktige forsvarskampen i Ukraina! HMM Helsehjelp Ukraina setter stor pris dette! 🇺🇦❤️🇳🇴👉

9.3. **KnarvikMilas Idrettsstipend**

For første gong kunne vi i 2025 lansere og dele ut eit eige idrettsstipend til unge, talentfulle utøvarar. Dei viktigaste kriteriane er at utøvaren skal vere på eit høgt nasjonalt eller internasjonalt nivå i sin sport, dei skal ha tilknytning til Alver kommune og dei skal vere gode forbilder.

Etter ein grundig utvelgelsesprosess gjekk Helene Reigstad (skyting) og Andre Nygård Vie (friidrett) av som vinnarar av stipendet på kr. 25 000 kvar.

Overleveringa blei gjort i eit eige arrangement på kontoret vårt, med lokalpresse til stade. Dette medførte gode presseoppslag om både stipendet og utøverane.



10. **Økonomi**

KnarvikMila har også i 2025 drevet ihht. budsjettplan med disiplinert kostnadsstyring og inntekter ihht. plan.

Overskotet foreslår styret settes av til utvikling av KnarvikMila og for å være i posisjon til å kunne investere ihht. KnarvikMila sine verdier og planar.

For detaljar vises det til regnskap for 2025.



KnarvikMila
www.knarvikmila.no

11. Planar for 2026

KnarvikMila er i konstant utvikling og gjennom grundige evalueringar og grundig planarbeid, har vi komet fram til desse planane for 2026:

KnarvikMila 2026							
Stolpejakt	Mai/juni	Juli/aug.	August	Fre 4. sept Bedriftsdag	Lør 5. sept Løpsdag	Søn 6. sept Familledag	Høst/vinter
Mars – nov. Stolpejakten Alver + Stolpejakten Austrheim + Stolpejakten Fedje	<u>Tirs. 5. mai:</u> TineStafetten <u>Lør. 9. mai:</u> Fløyen – Knarvik Knarvik <u>Lør. 20. juni:</u> Knarvik Maraton (Maraton og halvmaraton)		<u>Tirs. 25. aug:</u> Pensjonist- seminar <u>Lør. 29. aug.</u> Konsert i Knarvik Kyrkje (Samarbeid med Nordhordland Musikkteater) <u>Søn. 30. aug.</u> Solidaritets- gudstjeneste Knarvik Kyrkje	UngdomsMila SPN-stafett Inkl. sosialt arr.	21km 10km 5km (Alle = FjordViking)	NaturMila 3km Konsert Inkl. avslutnings- arrangement Barneløpene	<u>Tirs. 22. sept.</u> EldreMila på Knarvik Sjukeheim <u>Tirs. 29. sept.</u> Friidrettsdag for 5., 6. og 7. kl. på Knarvik Barneskule <u>Desember</u> Jule-/advents- stolpejakt 24 stolper i Knarvik
				Stolpejakt – 12 ekstra stolper			



KnarvikMila
www.knarvikmila.no

Evalueringa og resultat i 2025 viser at dei fleste løpa og arrangementa er i ein fin utvikling. Det meste vil difor bli vidareført og vidareutvikla i større grad enn at vi gjer dei store endringane.

Vi kjem til å ha ekstra fokus på tre områder som vi meiner vi har størst potensiale for utvikling i 2026; messen, NaturMila og engasjering og oppfølging av frivillige.

12. Takk/avslutning

Styret i KnarvikMila AKS-77 vil retta ein stor takk til alle våre samarbeidspartnarar, sponsorar, støttespelarar, samarbeidande lag og foreiningar, frivillige, deltakarar og besøkande. Dette hadde ikkje våre mogeleg utan ein solid innsats og støtte frå alle saman og vi ser fram til eit tett og godt samarbeid også i 2026.

Knarvik, 10. februar 2026

Styret i KnarvikMila AKS-77